

## Samandrag kapittel 3 (nynorsk)

### Ytre krefter og landformer

**Forvitring** er det som skjer når berggrunnen blir broten ned og smuldrar opp på staden.

**Mekanisk forvitring** kallar vi det når fysiske krefter verkar på berggrunnen, til dømes ved frostforvitring, solsprenging, trykkavlasting og rotsprenging. **Kjemisk forvitring** kallar vi det når vatn med oppløyste gassar løyser opp minerala i berggrunnen.

**Erosjon** er slitasje, nedtæring av landskapet ved ei ytre kraft, til dømes ein isbre, rennande vatn, vind eller bølger. Materiale blir ført bort. (Ordet **materiale** i geografi = **lausmassar** = stein, grus, sand og leire.)

Kjenneteikn på **eit gammalt landskap** er rolege, avrunda landformer med moderate høgdeskilnader, og slike former utgjer mesteparten av det norske landskapet, til dømes vidde, hei, ås og skjergard.

I **eit ungt landskap** er landformene laga ved elve- og breerosjon, og kjenneteikna er djupe dalar og fjordar, bratte fjell- og dalsider og spisse fjellformasjonar.

Elvar og rennande vatn lagar både erosjonsformer og avsetningsformer (lausmasseformer):

- Landformer danna ved elveerosjon er **V-dalar** (materiale blir ført bort, skråningar rasar ut) og **canyonar** (harde bergartar gjer at sidene blir ståande loddrett).
- Landformer danna ved lausmasseavsetning frå elvar er **delta** (blir til der elva set av lausmassar i hav eller innsjø), **elvevifte** (blir til der ei sideelv renn ut i ei større elv) og **elveslette** (der elva set av lausmassar i elveløpet i ein flat dalbotn).
- Eit **meanderløp** er eit elveløp i ein flat dalbotn, og er kjenneteikna av store svingar eller slyngjer i elva.

**Isbrear** blir til der den snøen som fall om vinteren, ikkje tinar bort om sommaren. Vi definerer ein isbre som ein masse av snø og is i rørsle.

**Likevektslinja** på ein isbre er skiljet mellom næringsområdet (der massebalansen er positiv) og tæringsområdet (der massebalansen er negativ).

Vi skil mellom ulike bretypar, som **botnbreiar**, **dalbreiar**, **platåbreiar** og **innlandsis**.

Ein isbre eroderer i berggrunnen ved **skuring** og **plukking**. Isbreiar lagar både erosjonsformer i berggrunnen og avsetningsformer i lausmassar:

- Landformer laga ved iserosjon er u-dalar, fjordar (u-dalar fylte av saltvatn), fjordsjøar (u-dalar fylte av ferskvatn) og alpint landskap (botnar, tindar og egger) danna av botnbreiar.
- Landformer danna ved lausmasseavsetningar frå isbreiar er morener (botn-, side- og endemorenar), isfrontdelta (lausmassar som smeltevasselvar fører med seg under isen og set av i vatn framfor isbreen) og marin leire (leire ein gong avsett i havet, men i dag tørt land).

**Ravinelandskap** blir danna i område med marin leire der elvar og bekker har grave ut ei mengd V-dalar i leira.

**Leirskred** (kvikkleireskred) kan det bli der saltet som var i havvatnet då leira vart avsett, blir vaska ut av nedbør og/eller elvar og gjer leira ustabil (kvikkleire). Kvikkleira kan plutselig bli til ein lettflytande masse, som renn av garde.

**Jord-, stein- og fjellskred** skjer når lausmassar eller delar av fjellet losnar og blir førte nedover av tyngdekrafta. Dersom skred hamnar i vatn og fjordar, kan det oppstå flodbølger som fløymer over område langt opp på land.